

# Austrheim SV – Valprogram 2023-2027

SV vil jobbe for at Austrheim skal bli meir klimavenleg, berekraftig, rettferdig og solidarisk. Det er naudsynt i ei tid der verda står ovanfor fleire store kriser: omfattande klimaendringar, tap av biologisk mangfald og natur, veksande sosial og økonomisk ulikskap, og ei internasjonal humanitær flyktningkrise. Vi må tenke globalt og handle lokalt for å møte desse krisene.

Austrheim skal òg vere ein god kommune å vekse opp og bu i, og det skal vere rom for alle. Vi vil ha ein kommune der alle kan lukkast, der ingen vert gjeve opp, og der dei som har mest bidrar meir til fellesskapet. Viktige tenester som skule, barnehage, helse, pleie og omsorg er vår felles velferd. Kvar krone vi puttar inn i desse tenestene må komme innbyggjarane til gode. Difor må dei også drivast av kommunen, og ikkje av private. Vi må styrke tenestene, til det beste for oss alle.

Vi vil jobbe for eit ope og inkluderande Austrheim, bygga på sterke fellesskap, små forskjellar, samt med auge og hjarte ope mot verda.

## Eit klimavenleg Austrheim

SV tek klimakrisa på alvor. Vi vil ha eit Austrheim med seriøs og ambisiøs klima- og energipolitikk som kuttar klimagassutslepp utan å auke presset på naturområda. Vi vil gå inn for at kommunen skal kutte 30 % av klimagassutsleppa lokalt innan 2030, gjennom konkrete planar, tydelege klima- og miljøkrav, krav om nullutslepp fra snøggbåtar og kollektivtransport, energiøkonomisering og grøn energi som ikkje går ut over sårbar natur eller arbeidsplassar. I vår region har vi mange innan olje-, gass- og offshorenæringa med høg kompetanse. Denne kompetansen vil vere viktig i kampen mot klimaendringane. Dei kan leie an i utviklinga av nye og spanande næringsvegar i møtet med klimakrisa og den nødvendige grøne omstillinga, og vi vil spele på lag.

### SV vil:

- utfordre kommunen til å utarbeide ein plan for å kutte 30 % av klimagassutsleppa innan 2030.
- stille tydelege klima- og miljøkrav til offentlege tenester og anbod.
- gå inn for energiøkonomiserande tiltak i kommunale bygg.
- stille krav om nullutslepp fra snøggbåtar og kollektivtrafikk innan 2030.
- gå imot vindkraft på land, og avgrense adgangen til havvind nær kysten.
- bruke elektriske framkomstmiddel i kommunen sine tenester.
- få plass fleire ladestasjonar til el-bil.
- leggja betre til rette for gåande og syklande.
- fullføre gang- og sykkelveg frå Ulvøy til kommunesenteret.

## Eit berekraftig Austrheim

SV tar naturkrisa på alvor. Vi vil ha Austrheim med frisk luft, verna natur og friskt dyreliv, med ein ambisiøs politikk for vern av natur, berekraftig ressursbruk og sikring av strandsona for alle. Noreg har gjennom FN si naturavtale forplikta seg til å verne 30 prosent av all natur, og 30 prosent av verdas hav, innsjøar og elver. Austrheim må ta si del av ansvaret.

### SV vil:

- utfordre kommunen til å lage plan for vern og tilbakeføring av natur på land og til havs, med mål om minst 30% vern.
- verna heile Øksnesmarka som LNF-område og bevara økologiske mangfold.
- vera tydeleg imot utbygging og næringsliv som truar biodiversitet og sårbare område lokalt.
- verne så mykje matjord som mogleg.
- styrke tiltaka mot marin forsøpling, og støtte frivillige strandryddingsprosjekt.
- sette opp fleire bosspann på offentlege stader, i strandlinja og i turområde.
- sette opp fleire grøne områder med leikeapparat, benker og plantar.

## Eit rettferdig Austrheim

Austrheim skal vere ein god kommune å bu i. Då trengs god velferdspolitikk som tek vare på innbyggjarane, og utjamnar sosiale forskjellar. Kvar krone som går til velferda vår, skal kome innbyggjarane til gode. Difor går vi mot privatisering. Kommunen er også ein stor arbeidsgjevar og kunde. Med det følger eit ansvar for god arbeidslivspolitikk og etisk handel, som gir gode ringverknadar lokalt og globalt. SV vil også på sikt innføre ein rettferdig skatt på eigedom som styrker velferdstenestene, og jamnar ut sosiale forskjellar.

### SV vil:

- bruke fleire ressursar på folkehelsearbeid, førebygging og behandling.
- at alle skal ha råd til å smile! Vi vil ha fortgang i tannhelsereforma, tennene er ein del av kroppen.
- gå imot all privatisering av offentlege tenester.
- at kommunen i hovudsak skal lyse ut heile og faste stillingar.
- at kommunen skal løfte sosialhjelppssatsane opp på SIFO-nivå.
- vere ein trygg og føreseieleg kommune for born og vaksne med nedsett funksjonsevne.
- gjenoppta tilbodet om skyss til AUFERA for vaksne med nedsett funksjonsevne, og støtte oppretting av liknande tilbod for andre som har behov for det.

## Austrheim – ein god kommune å vekse opp i

Gjennom eit godt og trygt barnehagetilbod, ein god skule og skulefritidsordningar som alle kan vere med på, vil SV arbeide for at alle barn skal ha ein trygg barndom og gode oppvekstvilkår uavhengig av sosial bakgrunn. Alle barn må få oppleve meistring, tilhøyring og trivsel i kvardeagen.

### **SV vil:**

- tilsette fleire med spesialpedagogisk kompetanse i barnehagen og skulen.
- redusere heimelekser i grunnskulen.
- gje alle barn i grunnskulen eit gratis og næringsrikt måltid kvar skuledag.
- sikre gode uteområde i skulen, auka moglegheit for meir leik og læring i friminutta.
- styrka helsesjukepleiarordninga i skulen med meir tid på kvar skule.
- tilsette fleire miljøterapeutar i skulen.
- sikre trygg skuleveg for alle barn.
- styrke bibliotektilbodet for barn og unge.
- støtte opp om frivillige organisasjonar og legge til rette for at alle barn kan delta på minst ein organisert fritidsaktivitet.
- opprette BUA-ordning for utlån av sport- og fritidsutstyr.

## Eit Austrheim for alle

Austrheim skal vere ein kommune som er trygg og open for alle, uavhengig av kven ein er, kven ein elskar eller kva funksjonsevne ein har. SV vil kjempe mot alle formar for diskriminering og rasisme. Austrheim skal også vere ein kommune der alle kan vere med på dei store avgjerdene. Då er det viktig at politikarane liknar på deg og meg og at innbyggjarane får betre moglegheiter til å delta i politiske prosessar.

### **SV vil:**

- ta kampen mot all diskriminering og rasisme.
- støtte frivillige organisasjonar som arbeider med utsette grupper.
- betre bu- og støttetenestene for menneske med behov for vern.
- ta initiativ til fleire offentlege høyringar og folkemøte.
- arbeide for å gjere kommunen meir attraktiv å bu i og flytte til.

## Eit solidarisk Austrheim

Austrheim skal vere ein kommune med auge og hjarte ope mot verda. For første gang i historia er over 100 millionar menneskje fordrivne eller på flukt verda over. Vi har eit moralsk ansvar, og SV vil at Austrheim skal stille opp for våre medmenneske på flukt.

### **SV vil:**

- ta imot fleire menneske på flukt.
- auke støtta til frivillige prosjekt for flyktningar og asylsøkarar.
- sikre naudsynt helsehjelp til papirlause.
- at kommunen ikkje skal handle med aktørar som opererer på okkupert jord eller i strid med menneskerettane.
- ta initiativ til eit landsdekkande kommunalt opprop for ein meir human asylpolitikk.